

# Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2022



## Innhold

1. Innleiing.....	3
2. Organisasjonskart Kinn kommune.....	4
3. Økonomi.....	5
4. Kostnadsfordeling.....	6
5. Kompetanse.....	6
6. Miljøretta helsevern .....	6
6.1 Skular og bamehagar .....	7
6.2 Inneklima.....	7
6.3 Hud- og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering .....	8
6.4 Badeanlegg, boblebad og badstu.....	8
6.5 Radon.....	8
6.6 Asylmottak .....	8
6.7 Forureining- og støy. ....	8
6.8 Solarier.....	9
6.9 Kjøletåm etc, legionella .....	10
6.10 Campingplassar.....	10
6.11 Treningscenter/treningsstudio.....	10
7. Smittevern.....	10
7.1 Tuberkulosekontrollprogram.....	10
7.2 Smittevern- og pandemiplan.....	10
8. Folkehelse/samfunnsmedisin .....	11
9. Plan for 2023.....	12

## 1. Innleiing

Føremålet med folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Flora kommune (Kinn kommune frå 01.01.20) har frå 01.01.13 vore vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i kommunedirektøren sin stab og har kontor plass på Rådhuset i Florø.

Etter kommunesamanslåingar i 2020 deltok sju kommunar i det interkommunale samarbeidet. Solund kommune kom med i 2021, og Hyllestad kommune i 2022. Det geografiske nedslagsfeltet for avdelinga er noko auka sidan oppstarten i 2013 med ansvar for om lag 61000 innbyggjarar.


Folkehelseavdelinga og Kinn kommune vil takke for godt samarbeid i 2022.

Florø 30. mars 2023

Elisabeth Solheim  
Leiar Folkehelseavdelinga

## 2. Organisasjonskart Kinn kommune

Folkehelseavdelinga er organisert i Fag og utvikling i kommunedirektøren sin stab.



### 3. Økonomi

I tabellen viser vi årsresultat for avdelinga for 2022 som viser eit lite overskot på kr 102087,-. Under post 17501 Refusjon frå andre kommunar ligg òg Kinn kommune sin andel med kr 798961,-.

<b>1343 Folkehelseavdelinga</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Regnskap</b>
10101 Fastløn	2203000	2383950
10109 Km-godtgjering - grunnlag skatt	0	357
10500 Anna løn og trekkpliktige godtgjeringar (tillitsvalgt, omsorgsl. mm)	0	596
10505 Beredsk.godtgj./utrykn. fast/mnd (ber. pensj.)	0	91897
10507 Grunnlag skattetrekk telefon og parkering (har motpost 10509)	0	5490
10509 Motpost grunnlag skattetrekk telefon og parkering (motpost til 10507)	0	-5490
10901 Pensjonsutgifter	0	2823
10902 Pensjonsutgifter KLP	326000	335536
10907 Kollektiv ulykkes-/gruppelivsforsikring	0	1375
10990 Arbeidsgiveravgift	357000	375872
11001 Abonnement og faglitteratur	10000	6842
11050 Undervisningsmateriell	0	3750
11151 Bevertning egne tilsette og møter(uten mva)	0	6058
11201 Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	10000	214
11205 Velferdstiltak tilsette/brukarar og gaver tilsette	0	13382
11209 Hotellopphald tenestereise (utanom kurs og opplæring) (ikkje oppg.pl.)	20000	14773
11303 Telefonutgifter	0	10681
11501 Opplæringstiltak tilsette	50253	0
11502 Reiseutgifter og opphold ved kurs/opplæring (ikkje oppgavepl.) (ikkje tj.reise)	50000	10915
11601 Køyregodtgjering tjenestereiser (oppg.pl.)	0	2349
11603 Diettgodtgjørelse/nattlegg tjenestereiser (oppg.pl.)	10000	1395
11709 Reiseutgifter tenestereise (ikke oppg. pl.) (jfr 11209)	20000	30393
11852 Yrkesskadeforsikring	0	704
11952 Kontingenter	0	4665
12000 Inventar og utstyr	10000	923
12101 Leige, operasjonell leasing/kjøp av transportmidlar	0	16917
13701 Praksiskompensasjon legar	410000	388517
14291 Merverdiavgift med rett til kompensasjon	0	7351
<b>Sum utgifter</b>	<b>3476253</b>	<b>3712235</b>
17100 Sjukelønsrefusjon	0	-19440
17101 Refusjon fødselspermisjon	0	-287524
17291 Kompensasjon for mva	0	-7351
17501 Refusjon frå andre kommunar	-3500000	-3500007
<b>Sum inntekter</b>	<b>-3500000</b>	<b>-3814322</b>
<b>Sum</b>	<b>-23747</b>	<b>-102087</b>

#### 4. Kostnadsfordeling

Kostnadsfordelinga er uendra sidan 2021.

Kommune	Folketal Per.2 kvartal 2022	30% fordelt likt mellom kommunane	70% etter folketal	Totalt
4602 Kinn	17242	116667	682295	<b>798961</b>
4637 Hyllestad	1270	116667	50256	<b>166923</b>
4638 Høyanger	3947	116667	156189	<b>272856</b>
4645 Askvoll	2950	116667	116736	<b>233403</b>
4646 Fjaler	2846	116667	112621	<b>229288</b>
4647 Sunnfjord	22160	116667	876908	<b>993575</b>
4648 Bremanger	3489	116667	138066	<b>254732</b>
4636 Solund	758	116667	29995	<b>146662</b>
4641 Stryn	7251	116667	286934	<b>403601</b>
	<b>61913</b>	<b>1050000</b>	<b>2450000</b>	<b>3500000</b>

#### 5. Kompetanse

Folkehelseavdelinga har hatt stor utskifting av personale i 2021 og 2022. To av våre tilsette gjekk av med pensjon i 2022 og det er tilsett ein ny sjukepleiar.

Avdelinga har no til saman fire legar i avdelinga som alle er i gang med si vidareutdanning i samfunnsmedisin. Ein av legane er kommuneoverlege og spesialist i allmenntmedisin og samfunnsmedisin.

Per 31.12.2022 hadde avdelinga totalt 2,7 årsverk fordelt på to sjukepleiarar og fire legar. Ein lege vil vere i utdanningspermisjon frå januar til juli 2023, denne stillinga vil ikkje bli erstatta i perioden.

Vi ser styrken i å ha fleire personar med ulik kompetanse, det berikar vårt fagmiljø. Det er òg ein fordel at alle tilsette har andre kommunale stillingar. Samansettinga i avdelinga dekkjer det nødvendige innanfor vårt ansvarsområde.

Grunna stor utskifting av tilsette har avdelinga brukt noko ressursar på opplæring i fagområdet, rutiner og ulike kommunale system.

#### 6. Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar.

Arbeidet til Folkehelseavdelinga omfattar tilsyn med faktorar i miljøet som kan ha innverknad på helse. Dette gjeld både private og offentlege verksemder og omfattar støy, inneklimate, luftkvalitet, stråling, forureining samt førebygging avulukker og skader.

Folkehelseavdelinga er eit forvaltningsorgan som har fått delegert mynde til å føre tilsyn og fatte vedtak om retting etter ei rekke føreskrifter. I tillegg til sakshandsaming av enkeltsaker arbeider vi med informasjon og rådgjeving knytt til alle felt innan miljøretta helsevern.

Folkehelseavdelinga har i 2022 saksbehandla nokre kommunedelplanar og mange reguleringsplanar. Avdelinga har òg delteke i møter kor plansaker vert diskutert og behandla. Det er enkelte kommunar som nyttar seg meir av vår kompetanse på området enn andre. Vi har utfordra kommunane om å invitere oss inn til faste møter for å bli tidleg orientert og involvert i saksbehandling i planoppstartsfasen. Dette har òg vore tema på kommunedirektørmøta.

Vi har gjeve uttale på høyringar. Vi har gjeve uttale i plansaker i Askvoll, Sunnfjord, Stryn og Kinn kommune.

## **6.1 Skular og barnehagar**

Folkehelseavdelinga har gjennomført to tilsynsrundar på alle skulane og barnehagane i samarbeidskommunane, og vi er i ferd med å avslutte tilsynsrunde tre. I 2022 hadde vi tilsyn i Sunnfjord, Bremanger, Hyllestad og Solund kommunar.

Folkehelseavdelinga tilbyr seg å følgje opp tilsynsrundane med fagdagar. I 2022 har det ikkje vore arrangert fagdagar, desse har vore utsett etter kommunane sine ønskje. Fagdagan skal følgje tema og behov som vart teke opp i tilsyna og bidra til å auke kunnskapen om både miljøretta helsevern og helsefremjande arbeid.

Vi planlegg å oppretthalde frekvensen med tilsyn kvart fjerde år, vi ser det er behov for kunnskap på fagfeltet. Det vil òg alltid vere ei viss utskifting av leiarar og tilsette som treng informasjon. På denne måten ønskjer vi å bidra med vår kunnskap ut til kommunane slik at krava i føreskrifta vert stetta.

Folkehelseavdelinga vert godt mottekne på tilsyns- og godkjenningrundane, men òg ved andre høve. Vi vert nytta meir no enn tidlegare når det gjeld plangodkjenningar av nybygg og rehabilitering. I 2022 behandla vi fem søknader om nybygg/rehabilitering av skule/barnehagar i ulike kommunar.

## **6.2 Inneklima**

Avdelinga gjev råd og rettleiing om innemiljøproblem knytt til fukt, varme, ventilasjon, lysforhold og materialbruk. Vi har tilsyn med røykebestemmelsar i bygg og serveringsstader som er offentleg tilgjengeleg. Inneklima har stor merksemd i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar, og utfordringar kjem ofte fram i samband med desse tilsyna. Avdelinga tilbyr inneklimamålingar og har apparat som kommunane kan låne. Vi tilbyr òg lysmåling.

### **6.3 Hud- og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering**

Kartlegging og oppfølging av verksemdar som driv med holtaking/piercing, tatovering, hud og fotpleie, frisørar, samt solarier er eit kontinuerleg arbeid. Folkehelseavdelinga har per i dag god oversikt over verksemdene som er omfatta av føreskrifta. I 2022 henvende vi oss på ny til alle kommunane for å gjere ei kartlegging av desse verksemdene då vi har erfart at nokre verksemdar har stengt eller lagt ned i pandemien. Alle kommunar mottok ei oversikt over dei einingane vi har registrert og vi ba om hjelp til å kartlegge om nye verksemdar er kome til eller andre som er lagt ned. I tillegg til den lokale kunnskapen nyttar vi Brønnøysundregisteret, sosiale media og andre tilgjengelege kjelder for å oppdatere oversikta. Vi har hatt ei synfaring på hud-fotpleie/frisørsalong i 2022, og har behandla fleire søknader. I tillegg har vi hatt tilsyn på og godkjent to tatoveringssalongar.

### **6.4 Badeanlegg, boblebad og badstu**

Kravet om tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold er heimla i [Folkehelselova / LOV 2011-06-24 nr.29](#) og i [Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v / FOR 1996-06-13nr.592](#).

Dette gjeld verksemdar eller anlegg som er opne for offentlegheit og/eller utleige. Føreskrifta gjeld òg badstu sjølv om den ikkje er knytt til badeanlegg eller bassengbad.

Avdelinga har ikkje prioritert tilsyn på dette området i 2022, men har rettleia på smittevern i badeanlegg for å førebygge Covid-19.

### **6.5 Radon**

Avdelinga har gjeve informasjon og rettleiing i høve handtering av radonutfordringar i enkeltkommunar.

Ein har òg følgd opp arbeidet med skular og barnehagar si dokumentasjonsplikt i høve radonnivået som ein del av godkjenninga etter føreskrift om miljøretta helsevern. Dei einingane som ikkje har slik dokumentasjon har fått pålegg om å måle radon.

Radonførekomsten er generelt liten i vårt område, men nokre kommunar og områder har utfordringar der avbøtande tiltak må setjast i verk.

Vi har ikkje lenger innkjøpsavtale med firma for kjøp av sporfilmmåling. Avtalen som vart inngått tidlegare vart i liten grad nytta. Denne beslutninga er teke saman kommunedirektørane.

### **6.6 Asylmottak**

Asylmottak er meldepliktige verksemdar etter føreskrift om miljøretta helsevern.

Det er eitt asylmottak i vårt område, mottaket i Florø hadde tilsyn i 2022.

### **6.7 Forureining- og støy.**

Folkehelseavdelinga bidreg med råd, rettleiing og eventuelle vedtak om retting vedrørande bygge- og anleggsstøy, støy frå tekniske installasjonar, bedrifter/industri, flystøy, fritids- og underholdningsstøy mm.



Støysaker er ofte saker som har eit potensiale til å utvikle seg til konflikhtar mellom ulike interessegrupper og gjerne med store konsekvensar og kostnader for kommunen, bedrifter eller einskildpartar. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling og er heimla som eit lovkrav. Difor ynskjer avdelinga å koplast på tidleg i plansaker der støy og anna forureining kan verte ei utfordring..

Vi har i 2022 gjeve uttale på reguleringsplanar, arealplanar, større kommunedelplanar og samfunnsplanar. Kommunane nyttar i større grad vår kompetanse i plansaker der mogleg helsepåverknad kan vere aktuelt. Det er likevel slik at nokre kommunar nyttar oss meir i slike saker enn andre kommunar.

Vi har òg behandla fleire klagesaker. Henvendelsar kjem oftast frå innbyggjarar som klagar på støy og problemstillingane er gjerne knytt til bustader som ligg nær næringsverksemd, hamner og industri.

### Forureining

Folkehelseavdelinga er delegert mynde etter delar av lov om forureining og om avfall. Vi kan føre tilsyn med verksemder og gjev råd og rettleiing knytt til helserisikovurdering i høve:

- Drikkevassanlegg, kvalitet på badevatn, samt forhold i samband med utslepp og forureining av vatn og vassdrag
- Skadedyrkontroll
- Overvaking og målerapportering av helse- og miljøskadelege gassar og svevestøv.
- Informasjon, råd og rettleiing om grenseverdier, problemområder, status, planar og utvikling for luftkvalitet.
- Hygieniske forhold ved dyrehald i tettbygd strøk
- Hygieniske forhold i samband med renovasjon og avfallshandtering, kontroll med forsøpling bl.a. bilvrak.

I tillegg kartlegging av forureining i jord og byggegrunn, behandling av tiltaksplanar ved terrenginngrep på forureina grunn i henhold til Forureiningsføreskrifta kapittel 2.

I 2022 har Folkehelseavdelinga behandla to saker som omhandlar skadedyr (rotter) og dyrehald i tettbygde strøk., samt ei sak om forsøpling.

## **6.8 Solarier**

Solarieverksemder er meldepliktige og Folkehelseavdelinga har oversikt over solsenter og verksemder som tilbyr solarium.

Folkehelseavdelinga vidareformidlar informasjon frå Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet DSA (tidlegare Statens strålevern), og føl opp tilsynskampanjar som vert initiert av dei. DSA har invitert kommunane til ny tilsynskampanje i 2022, vi har valgt å gjere ei kartlegging av verksemdene i første omgang. Utifrå denne oversikten vil vi vurdere tilsyn på enkelt-einingar.

Dei solarieverksemdene som er i drift hadde ved førre tilsynsrunde gode rutinar og driv helsemessig forsvarleg.

## **6.9 Kjøletårn etc, legionella**

Folkehelseavdelinga har ansvar for å halde oversikt og innhente opplysningar om alle meldepliktige verksemder i vårt område. Dette gjeld verksemder som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs etter "Forskrift om miljørettet helsevern" og "Forebygging av legionellasmitte- en veiledning, 2012". Det er gjort ei kartlegging av alle aktuelle verksemder og fulgt opp med informasjon om meldeplikt og krav om sertifisering hos eit akkreditert tilsynsorgan. Legionellaførebygging er tema på tilsyn i skular og barnehagar.

## **6.10 Campingplassar**

Campingplassar, vandreheimar og andre liknande verksemder som tilbyr overnatting har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Folkehelseavdelinga har frå tidlegare oversikt over verksemdene i kommunane og denne er oppdatert i 2022.

## **6.11 Treningscenter/treningsstudio**

Treningscenter har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Det har ikkje vore tilsyn på treningscenter i 2022. Gode bransjerettleiarar i pandemien har bidrege til at smittevernet har vore godt ivareteke på treningscentrene, vi ser òg at auka fokus på generelle rengjeringsrutinar og handvaskrutinar.

## **7. Smittevern**

Pandemien har i 2022 hatt mindre påverknad på avdelinga sitt arbeid. Folkehelseavdelinga har sidan oppstart hatt fokus på dei daglege smittevernrutinane i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar. Informasjon og rettleiing om generell smitteførebygging har vore vektlagt. Vi erfarer at tilsette og foreldre har blitt betre på handvaskrutinar og barnehageleiarane melder om færre sjukdomsutbrot enn tidlegare.

### **7.1 Tuberkulosekontrollprogram**

I 2022 har straumen av flyktingar frå Ukraina ført til at Folkehelseinstituttet har endra på retningslinjene for kontrollprogrammet for tuberkulose i kommunane. Folkehelseavdelinga har grunna endring i personalet ikkje oppdatert mal for tuberkulosekontroll. Det vil bli gjort ein revisjon av mal i 2023. Tuberkulosekontrollprogrammet blir ved behov gjennomgått i møta med den einskilde kommune.

### **7.2 Smittevern- og pandemiplan**

Folkehelseavdelinga har utarbeidd ein mal for kommunal smittevernplan, sist oppdatert i 2019. Smittevernplanen er tenkt å henge saman med kommunen sin samla beredskapsplan. Folkehelseavdelinga skal i 2023 å oppdatere malen for smittevernplan.

Helsedirektoratet kom med utkast til nasjonal mal for kommunal pandemiplan hausten 2019. Det vart då arbeidd med ein felles mal for pandemiplan lokalt.

Koronapandemien syner at eksisterande planar må endrast med utgangspunkt frå erfaringar og evalueringar av pandemihandteringa.

Revisjon av både smittevern- og pandemiplan vil bli gjort i samråd med regional nettverk for kommuneoverlegar.

## **8. Folkehelse/samfunnsmedisin**

Folkehelseavdelinga skal hjelpe kommunane med arbeid på områder som kommunane prioriterer for felles satsing innan folkehelse/samfunnsmedisinsk rådgjeving. Det kan innebere hjelp til å sette felles utfordringar på dagsorden og hjelpe kommunane med tiltak knytt til dette. Det kan t.d. skje ved informasjon/kurs om ulike folkehelseiltak. Hjelp til arbeid med folkehelseoversikt og påverknadsfaktorar er eit anna viktig satsingsområde. Arbeidet må knytast opp til kommunane sine overordna planer og prosedyrar.

Felles kommunedirektørmøter er viktige arena for diskusjon om framdrift og satsingsområder i avdelinga og korleis arbeidet skal implementerast i kommunane. Det vart gjennomført to møter i 2022.

Folkehelseavdelinga ynskjer òg faste, årlege møter med leiargruppa ute i kommunane, i fjor gjennomførte vi to slike møter. Vi prøvde å få til møter med fleire kommunar, men fekk det ikkje til.

Folkehelseavdelinga er ansvarleg for arbeidet med felles mal for folkehelseoversiktdokumentet. Malen som vart ferdigstilt i 2015 er revidert fleire gonger, sist i 2021. Malen er presentert på nettsida [folkehelseoversikt.no](https://www.folkehelseoversikt.no). Sidan redigeringsmoglegheitene er avgrensa på Wikisida må det arbeidast med nye løysingar for presentasjon av Folkehelseoversiktdokumentet. Kinn kommune har valt å nytte Framsikt som presentasjonsplattform [framsikt.kinn/samfunnsdelen](https://framsikt.kinn.no/samfunnsdelen). Dei fleste samarbeidskommunane nyttar no Framsikt, men malen vil likevel bli tilgjengeleg i eit format som alle kommunane kan nytte seg av.

Det er eit ønske frå kommunedirektørgruppa at avdelinga skal leie arbeidet med Folkehelseoversiktdokumentet. Det har òg kome signal frå folkehelsekoordinatorar i samarbeidskommunane at det er behov for å revidere og vidareutvikle arbeidet med folkehelseoversiktdokumentet. Spesielt bør ein sjå på og moglege løysingar for betre implementering av strategiske folkehelseiltak i samfunnsplanlegginga. Folkehelseavdelinga tok difor initiativ til å etablere eit felles nettverk av folkehelsekoordinatorar/rådgjevarar der denne og ulike andre problemstillingar vil bli diskutert. Vi starta ein større revisjon av Folkehelseoversiktdokumentet i oktober 2022 og skal ferdigstille denne i løpet av mai 2023. Arbeidsplattforma er på Teams, og vi har hatt både fysiske og digitale samlingar. Alle kommunane i gamle "Sogn og Fjordane" er invitert til å delta i arbeidet.

Kinn kommune er godkjend utdanningsverksemd for spesialisering av legar i samfunnsmedisin. Folkehelseavdelinga er ein viktig arena for denne utdanninga og bidreg med rekruttering av fleire samfunnsmedisinarar. Avdelinga har hatt stor utskifting av personale siste året. Det vart tilsett tre nye legar i september 2021, samt ein sjukepleiar i oktober 2022. Vår erfarne samfunnsmedisinar slutta 1.1.22. I juli same året pensjonerte helsesjukepleiar seg, begge to har vore med frå oppstarten i avdelinga i 2013.

Grunna stor utskifting av personale har avdelinga måtte bruke mykje tid på opplæring. Både på fagområda vi har ansvar for, men òg på bruk av ulike kommunale system. Avdelinga er no godt rusta for arbeidet i avdelinga, vi ser at satsinga på samfunnsmedisinsk kompetanse har vore rett.

## **9. Plan for 2023**

- Avdelinga skal ferdigstille tilsynsrunde tre på skular og barnehagar i Fjaler, og gjennomføre tilsyn i Askvoll, Høyanger og Stryn kommunar.
- Ajourføre og følgje opp avvik på skule og barnehagar.
- Tilby/ gjennomføre fag-/temadagar i kommunane som ei oppfølging av tilsyna på skular/barnehagar.
- Følgje opp arbeidet i det etablerte nettverk for folkehelsekoordinatorar i samarbeidskommunane med mål om å styrke det langsiktige, strategiske folkehelsearbeidet.
- Ferdigstille mal for folkehelseoversiktsdokumentet.
- Hjelpe med implementering av folkehelseutfordringar i kommunale planar.
- Tilby undervisning, rettleiing og tilsyn på alle fagområda.
- Starte arbeidet med ny mal for smittevernplan og pandemiplan.
- Revidere mal for tuberkulosekontroll.
- Gjennomføre leiarmøte i alle kommunane.